

Er klare til å byggja økolandsby

—Det er ingen skjer i sjøen, seier Bergen økologiske landsby om kontraktforhandlingane med Osterøy kommune. Men dei som stod på venteliste for å kjøpa tomt på Bruvik føler seg stemoderleg behandla, fortel gren-dalaget.

Lars Sveinung Lid
lars@bygdanytt.no

Bergen økologiske landsby (BØL) har innleia kontraktsforhandlingar med Osterøy kommune, stadfestar styremedlem i BØL, Kjetil Lygre.

—Vi var i møte med rådmannen måndag ettermiddag, og gjekk gjennom eit kontraktsforslag om overtaking og kjøp av byggjefeltet på Bruvik, seier Lygre.

Felles forståing

Han ønskjer ikkje å gå i detaljar om innhaldet i kontrakten, men fortel at BØL ikkje ser alvorlege hindringar for at landsbyprosjektet kan realiserast.

—Det er eit tilleggsreguleringspunkt vi må diskutera nærare med kommunen, men det er ingen skjer i sjøen som vi veit om. Eg opplever at vi og kommunen har ei grunnleggjande felles forståing av korleis prosjektet skal realiserast, seier han.

Byggja neste år

Om lag ti personar har sagt seg interesserte i å byggja til no, og Lygre ser føre seg at BØL skal kunna signera avtalen med kommunen i løpet av hausten.

—Dersom alt no går i orden, er vi klare til å setja spaden i jorda neste år, seier han.

Grendarådet på Bruvik har til no vore tilbakehaldne med å kommentera økolandsbyplanane, men grendarådleiar Jan Hesjedal gjer det klart at dei ønskjer BØL velkomen til hvøda.



VIL TIL BRUVIK: Styret i Bergen Økologiske Landsby består av (frå venstre) Kjetil Lygre, Randi Benedikte Brodersen (leiar) og Kristian Flo.

Foto: Privat

—Det er svært positivt for Bruvik at det blir etablert ein økolandsby her.

Hesjedal forklarar nølinga med at det også er andre som ønskjer å byggja og bu på Bruvik, og dei no har kome i ein vanskeleg situasjon. Før Bergen økologiske landsby kom inn i bildet var det nemleg om lag femten personar som hadde meldt si interessert for å etablere seg i det kommunale byggjefeltet. Dersom landsbyen får kjøpa heile feltet, som

rommar over 40 tomter, blir det ikkje plass til dei som opphavleg stod på lista, og som i alle hovudsak ønskjer å byggja ordinære einestader.

-Stemoderleg behandla

—Då landsby-alternativet kom opp, skulle rådmannen ta kontakt med dei på lista, men det gjorde han diverre ikkje, seier Hesjedal og meiner desse er blitt stemoderleg behandla av kommunen.

Grendarådet har altså kjent

”
Dersom alt no går i orden, er vi klare til å setja spaden i jorda neste år.

Kjetil Lygre

seg i skvis. På den eine sida er dei glade for økolandsbyen, og på den andre er dei redde for at landsbyen øydelegg for dei som var interesserte i å byggja der i utgangspunktet. Grendarådet ønskjer difor at ein deler feltet i to område, eitt til økolandsby, og eitt til ordinære tomter for dei som allereie har venta lenge på å få byggja på Bruvik.

— Me ønskjer ei delt løysing. Og om det ikkje skulle bli det, er det viktig at kommunen snøgt får eit alternativ på plass. seier

Hesjedal, som nemner eit ubrukt område like ved Bruvik skule som aktuelt tomteland.

Tomtekamp

Det er no altså kamp om tomtene på Bruvik, og assisterande rådmann i Osterøy kommune, stadfestar at det er heile byggjefeltet BØL no har fått tilbod om å kjøpa.

—Reguleringsplanen med eigedomar har lege ute for sal i fleire år, og det er dette tilbodet økolandsbysen no har fått. seier

Jostein Førre. Han fortel at kommunen har gjort BØL kjent med at det også er andre som ønskjer å byggja der, men seier at det vil bli opp til BØL sjølv om dei ønskjer ikkje-medlemmer i feltet.

—Dersom økolandsbyen overtar feltet, og ikkje ønskjer at andre etablerar seg der, er det naturleg å sjå om det er andre område på Bruvik som kan regulerast til bustader, slik at alle som vil byggja der skal få høve til det, avsluttar han.